

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 15.11.2018

YMSE

Styreleiar Roald Kvamme ønskte det nye styret velkomen. Styreleiar nemnde i samband med dette ein del sentrale element som styret vil ha som bakteppe for arbeidet:

- Stortingsmelding om fagskulen
- Samanslåing med Sogn & Fjordane
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
- Styret si rolle som skuleeigar
- Balanse mellom investeringsgrunnlag og driftskostnader

Ny fagskule på Laksevåg.

Eigedomsdirektør Jostein Fjærestad orienterte om status og planlagt framdrift for bygging av ny fagskule på Laksevåg, og la fram oversikt over estimerte kostnader, arealbehov og elevtal.

Fakta om Fagskolen i Hordaland

Spesialrådgjevar Adeline Landro presenterte status for Fagskolen i Hordaland, tal elevar, programtilbod og strategidokument.

Styreseminar.

Styreleiar inviterer det nye styret til eit dagseminar innan utgangen av 2018.

Fellesmøte med styret for fagskulen i Sogn & Fjordane.

Det er planlagt eit fellesmøte for dei to fagskulane i januar 2019. Dato vert å koma attende til.

Evt. medlemskap i studentsamskipnaden SAMMEN.

Styret fekk presentert ei oversikt over kostnader og tilbod for studentane dersom dei vel å verta medlem. Det skal no i første omgang skaffast oversikt over om studentane ønskjer medlemskap, og så vil ein evt. kunna informera studentane om kostnader og tilbod før inntak til neste skuleår.

Vedk. etterbetaling av statleg tilskot i 2018 på kr. 719.000.

Styret for Fagskolen i Hordaland har tidlegare uttalt overfor fylkesrådmannen at det nemnde tilskotet skal tilfalla fagskulen. Fylkesdirektør opplæring har landa på at midlane skal gå inn i det ordinære budsjettet til opplæringssektoren. Styret for Fagskolen i Hordaland vil på nytt leggja fram si tilråding overfor fylkesrådmannen, og styreleiar vil i den samanheng be om eit møte med fylkesrådmannen

Eige investeringsbudsjett for fagskulen.

Styret ønskjer å ha eit eige investeringsbudsjett for Fagskolen i Hordaland, og administrasjonen la fram utkast til tre ulike modellar. Saka vert å koma attende til.

Regionalt kompetanseforum

Styret for Fagskolen ønskjer å ha ein representant inn i Regionalt kompetanseforum Hordaland. Administrasjonen tek snarast kontakt med regionaldirektør Bård Sandal.